



Kjellaug Løkken
Tømmerlia 4
5104 EIDSVÅG I ÅSANE

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/961 - 17/417

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
10.01.2017

Godkjenning - utslepp frå ein fritidsbustad på Kårbøneset - GBNR 52/55

Administrativt vedtak. Saknr: 06/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad, jouranført 01.11.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 02.12.16 og 12.12.2016, søkt om utslepp til minireinseanlegg for ein fritidsbustad, 5 pe, på eigedomen gbnr 52/55 på Kårbø. I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpoleringstank.

Det skal installerast vassklosett.

Nabovarsel:

Tiltakshavar har i skriv dagsett 1. desember 2016 gjort greie for at det ikkje er naudsynt med nabovarsel. Administrasjonen er samd med søkjar at dette ikkje er trong, jf pbl §21-3.

Kårbøneset Hyttegrend v/Eilif Johannesen har i e-post, dagsett 29.11.2016, stadfesta at ingen av hytteeigarane har merknad til graving over parkeringsplassen på gbnr 52/37.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen for Meland er avsett til fritidsbustader. Tiltaket er ikkje i strid med føremålet.

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarende standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova, og arbeidet må ikkje setjast i gong før løyve ligg føre.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5, utsleppsløyve frå ein fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 52/55 i samsvar med søknad journalført 01.11.2016 og supplerande dokumentasjon journalført 02.12.16 og 12.12.16 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg med etterpoleringstank, der reinsa avlaupsvatn deretter vert ført vidare, slik motteke situasjonskart syner.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Anlegget er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Arbeidet må ikkje setjast i gang før naudsynt løyve ligg føre.»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Avlaup gbnr 52-55

Kopi til:

Lindås Rør og Sanitær AS

Burkhovdane 1

5914

ISDALSTØ

Mottakere:

Kjellaug Løkken

Tømmerlia 4

5104

EIDSVÅG I ÅSANE